




ÅRSRAPPORT

2022



Innhald

Innhald	2
1.0 Verksemda	4
Hovudresultat	5
Styret	5
Føringar for verksemda	5
Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk	6
Forsvarleg og effektiv drift	6
Frivilligheit	6
Finansiering	6
Arbeidsmiljø, HMS og likestilling	7
Ytre miljø	7
Årsverk	7
Universell utforming	8
2.0 Administrasjon	8
Eigedomsselskapet AS Karma	8
Utviklingsarbeid	8
3.0 Kommunikasjon og marknadsføring	9
4.0 Solid kunnskapsproduksjon	10
Dokumentasjon	10
Publikasjonar	10
Eksterne foredrag	10
5.0 Relevant formidling	11
Publikumsutvikling	11
Arrangement	12
Kulturturisme	13
Undervisning	13
Digital formidling	15
Tilgjengeliggjering av samlingane	16
Utstillingar	16
Tjørhom-samlinga i Haugesund billedgalleri	16
Kunstutstillingar produsert av Haugalandmuseet	16
Temporære kulturhistoriske utstillingar var:	17
Andre faste kulturhistoriske utstillingar er:	18
6.0 Heilskapleg samlingsutvikling	18

Visuell kunst	18
Kulturhistorie	18
7.0 Trygg ivaretaking	19
Registrering og digitalisering	20
Revisjon og vurdering av samlingar.....	22
Tilstandsvurdering, førebyggjande tiltak og konservering.....	23
HMS og risikohandtering i forvaltninga	23
Magasin	24
Bygningsvern	24
Kulturlandskap	26
Sikring	26
Drift og vedlikehald	26
Kompetanseheving.....	27
8.0 Aktiv samhandling	27
Samarbeid med organisasjonar, institusjonar og frivillige.....	27
Nettverk og samhandling	29
Museum og reiselivsnæringa	30

1.0 Verksemda

Haugalandmuseet er kunst og kulturhistorisk museum for Nord-Rogaland. Kommunane Bokn, Haugesund, Tysvær, Utsira og Vindafjord eig museet som er organisert som eit aksjeselskap. Generalforsamlinga er vårt øvste organ, og vi har eitt kompetansestyre for drift- og eigarselskapet. Styret har vedteke strategi 2020-2025 for selskapet, og fagplanar som er tilgjengeleg for alle på heimesida vår.

Våre museumsavdelingar er etablert frå 1913 og framover. Vi er eit desentralisert museum og er nær innbyggjarane i små og store lokalsamfunn. I strategien 2020-2025 er hav overordna satsingsområde. Regionen har små og store kystsamfunn, inne i fjordane, langs skipsleia og på øyer i havgapet. Havet er omskifteleg, og har kravd og gitt rom for endring og omstilling. Havet har til alle tider prega livsgrunnlaget og mentaliteten på Haugalandet. I planperioden vil *havet* og *endring* bli spegla i formidling, forskning og forvaltning. Andre tematiske satsingar er *nasjonale minoritetar*, *foto*, *krig* og *høgtrykkskunst*. Mål og tiltak knytte til desse temaene vert integrert i fokusområda, og i fagplanane til Haugalandmuseet som ligger ope tilgjengeleg på heimesida.

Haugalandmuseet er eitt av seksti museum i Norge som får driftstilskot frå dei tre forvaltingsnivåa stat, fylke og kommune. Den offentlege forvaltninga lagar museumspolitiske dokument og strategiar, i tillegg til museet sine eigne. Museumsmeldinga (Meld.St.23 2020-2021) *Musea i samfunnet* gjev overordna retning for museumspolitikken fram mot 2050. Museumsmeldinga gir museumssektoren mål, tiltak og prioriteringar for dei neste tiåra. Ho legg vekt på solid kunnskapsproduksjon, relevant formidling, heilskapleg samlingsutvikling, trygg forvaltning og aktiv samhandling.



Figur 1 Dokken museum er en attraktiv arena for regionens kulturbaserte reiseliv. Foto: Haugalandmuseet

Hovudresultat

Samla sett var 2022 eit fornyingsår. Nye, leigde magasin er innreidd og innflytta, og gamle er flytta frå. Naturskadar har sett dagsorden meir enn ønska er, men ved årsslutt ser ein resultata av ei naudsynt opprydding. Fleire gamle lager er avvikla, og fleire står for tur. Oppryddinga kjem til å prege åra framover, men er i tråd med føringane i museumsmeldinga. Nye hender og klåre hovud gjer at museet har styrka det faglege arbeidet og fått ny kompetanse. Det kjem godt med når det er oppdaga asbest og strålingsfare i samlingane og i utstillingane.

Året starta med pandemi og stengde museum. Tidleg vår opna samfunnet for høgsesong om sommaren med kring 400.000 cruiseturistar. Vi fekk til ei omlegging, og satsa på nytt publikumstilbod med vandreteater "Dorthea i Dokken" med 48 framsyningar, og i det heile meir opne museum gjennom sommaren. Museet har markert skeivt år i 2022 med eiga foredragsrekke, og arbeidet saman med frivillige tok seg opp att i løpet av året. Vi arrangerte den første fagdagen -om klima og berekraftig bygningsvern i Rogaland om havnivåstiging og framtidas klima, og opna spesialutstillinga *Klimaklokt!* -om klimatilpassing og klimagassreduksjon. Haugalandmuseet opna utstillinga Nato-stasjonen på Lysenuten – kald krig og varme historier. Det vart ei høgaktuell utstilling som opna berre veker etter invasjonen i Ukraina, etter eit fleirårig dokumentasjonsprosjekt i museet. På kunstfeltet vart det opna ei stor kuratert samtidskunstutstilling om havet "As Below, So Above" i samband med Rikssamlingsjubileet, støtta av Haugesund kommune.

Dei mange usikre faktorane som pandemi, naturskadar og straumpris førte til forsiktig budsjett også i 2022. Til å handtere alle desse utfordringane har Haugalandmuseet ein dyktig stab. I 2022 blei det tilsett eigen fotoarkivar i Haugalandmuseet. Eksterne midlar har også gjort det mogleg å ha prosjekttilsette, mellom anna til arbeid med Romanifolkets kulturminne. Dei frivillige og samarbeidspartnarane våre gjer og ein stor forskjell, og fører til utvikling og nye grep.

Styret

Styret har hatt fire styremøte, fått orienteringsbrev frå administrasjonen og handsama 33 saker. Styret vart attvald på generalforsamlinga i februar 2022, og har per 31.12.2022 følgjande medlemmer:

Ingvar Frøyland, styreleiar

Linda Bruås

Hege Hauge Tofte

Geir S. Toskedal

Johan Rokstad

Johan Aakre (Rogaland fylkeskommune sin representant)

Linda M. Høie (tilsette sin representant)

Vara

Arnstein Eek

Ann Jeanette Sunde

Tove Elise Madland (ny)

Anna Pauline Vik Vestly (Rogaland fylkeskommune sin vara)

Jan Egil Nes (Tilsette sin vara)


Føringar for verksemda

Haugalandmuseet er medlem av ICOM, den internasjonale museumsorganisasjonen og det er godt å vere ein del av eit internasjonalt fellesskap med høyt standard. Den nye museumsmeldinga frå 2021

«Tid, ting og tillit» ligg føre som rettesnor for museumsarbeidet dei neste tiåra. Rogaland fylkeskommune sine planar gjev også viktige signal, likeins dei kommunale kulturplanane. Haugalandmuseet er som sjølvstendig verksemd, med ein armlengds avstand til tilskotsgjevarane, ansvarleg for drift og ivaretaking av kulturarven.

Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk

Haugalandmuseet er organisert i fem avdelingar, og fagavdelingane arbeider på tvers av organisasjonen:



Forsvarleg og effektiv drift

Selskapet har hatt ei forsvarleg og effektiv drift i 2022.

Frivillighet

Haugalandmuseet har fleire venneforeningar som Haugalandmuseets venner, Arquebusmuseets venner og Nedstrand museums- og historielag. Dei frivillige har til saman utført 2 årsverk, og har deltatt i dugnadsgrupper, halde museumshus opne og delteke med samlingsarbeid. Spesielt i frivillighetsåret 2022, var det ekstra stas at Svein-Frithjof Valand-Lie fekk Kongens fortjenestemedalje. Han har i 40 år vore med og bygd opp Arquebusmuseet, og gjort ein stor innsats utanom det vanlege. Hausten 2022 fekk Valand-Lie vitje HM Kongen.

Finansiering

Hovudfinansieringa til Haugalandmuseet er grunnfinansiering frå eigarkommunar, Rogaland fylkeskommune og Stat. Haugalandmuseet fekk kr. 70 000,- ekstra i statleg tilskot for å stimulere til aktivitet og legge til rette for å oppretthalde publikumstilbodet.

Det er også 2022 søkt og motteke eksterne midlar til prosjekter, som utgjer om lag 6% av dei totale inntektene. Eigeninntekta i 2022 er på 4,6% av totalbudsjett, og ei relativ auke på 17% frå året før. Det har vore fokusert på at besøkande i Dokken friluftsmuseum skal løyse inngangsbillett, og det har blitt utarbeidd nye tilbod i form av «levande historie» til betalande besøkande. Haugalandmuseet har effekt av at cruiseturismen er tilbake etter pandemien. Oppsummert var det 8 285 betalande besøkande i 2022, som utgjer om lag 29% av totalt besøk i 2022. Det er ei auke i andel frå 2021 som hadde om lag 19% betalande.

Haugalandmuseet har levd med forsiktig budsjett også i 2022. Eit rekneskapsteknisk resultat på om lag kr. 0,8 mill i overskot er i hovudsak som følge av sal av eigedom til Haugesund kommune (kr. 400 000) og utsett aktivitet finansiert av interne midlar (kr. 350 000). Straumsituasjonen er svært utfordrande og gav usikkerheit for økonomien. Straumkostnad for 2022 syner ei auke på kr 450 000 samanlikna med 2021. Dette er lågare enn estimert i løpet av året og konsekvens av straumsparetiltak som inneber stengde bygg og avdelingar i vinterhalvåret. Haugalandmuseet har også hatt større fordel av at forsikringsselskapet KLP har tilført avkastning på pensjonsfond tilbake til museet i 2022.

På bakgrunn av magasinsituasjonen har Haugalandmuseet inngått leigeavtale om leid magasin, og med det pådratt seg auka driftskostnader dei kommande åra.

Arbeidsmiljø, HMS og likestilling

Haugalandmuseet har verneombod og AMU-utval med fire representantar; to frå arbeidstakarane og to frå leiargruppa. I 2022 var det fire samlingar for alle tilsette der det ble lagt fram årsplan, handlingsplan og jamleg teke opp HMS-arbeid.

Vi har hatt ein risikogjennomgang av helse, miljø, og sikkerheit for tilsatte. Vi har jobba med tiltak for risikoar som hamna på raudt nivå. Det gjelder risiko for helseskadelege stoff i samlinga og risiko for mugg i samlinga. Det er og avdekka asbest og radioaktiv stråling i samlinga på Arquebus krigshistoriske museum og det er positive asbestprøvar i bygningskroppen på Karmsund folkemuseum.

Vi har arbeida fram malar for SHA-plan og Sikker Jobb Analyse (SJA). Det gjenstår å lage rutinar og dokument kring dette arbeidet. Mellom anna når SHA-plan skal tre i kraft, samt gode rutiner for gjennomføring av SJA.

Samla sjukefråvær er 244 dagsverk, som utgjer 4,9%. Det er høgare enn tidlegare år, men under gjennomsnittet i landet. Det har ikkje vore innrapportert skade i 2022.

Ytre miljø

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø utover det som er naturleg for denne type verksemd.

Årsverk

Haugalandmuseet utførte om lag 21 årsverk i 2022. Av dette var 1,2 årsverk timelønna museumsvertar. Selskapet hadde 19 fast tilsette, 13 kvinner og 6 menn. I tillegg var det 3 midlertidig tilsette; 1 vikar, 1 lærling og 1 prosjektmedarbeidar. Styret var sett saman av 3 kvinner og 4 menn.

Universell utforming

Større delar av bygningsmassen som Haugalandmuseet held til i er ikkje universelt utforma, og det vil krevje større investeringar for å vere tilgjengeleg for alle. For å betre tilhøva hadde Haugalandmuseet i 2022 synfaring med Norges Handikapforbund Nord-Rogaland, og skal halde fram med samarbeidet. Haugalandmuseet sine digitale plattformer skal også vere universelt utforma. Gjennomgang av desse starta i 2022 og arbeidet vil halde fram vidare.

2.0 Administrasjon

Museet har arbeida for å vidareutvikle organisasjonen i 2022. Museet evaluerte organisasjonsstrukturen og organisasjonskartet i drøftingmøter med dei tillitsvalde, og dei forskjellige innspela og forslaga vart vidaresendt til leiargruppa i byrjinga av 2022. Etter jevnlege møter kom ein fram til eit organisasjonskart som syner organisasjonsstrukturen i selskapet slik den er frå 01.01.2023. Organisasjonskartet er med i styret sin vedtekne Handlingsplan 2023, og er teken inn her i omtala av verksemda.

Dei tillitsvalde og leiinga har arbeida med arbeidsavtalar, og fleire spørsmål kring gjennomsnittsbereking, vaktordning m.m. Mellom anna vart det og teke opp løn for tilkallingsvertar, og det vart utarbeida felles retningsliner for ekstrapersonell i Haugalandmuseet. For arbeidsgjevar har Virke vore ein god rådgjevar i desse spørsmåla, og det vart sendt eit forslag til arbeidsavtale til dei tillitsvalde før årsslutt.

Eigedomsselskapet AS Karma

Administrasjon og driftsavdeling står for utleige av båtplassar, leilegheiter og lokalar til næringsverksemd. Haugalandmuseet nyttar sjølv store delar av areala, mellom anna til midlertidig magasin og verkstad for dei tilsette. Særskild for 2022 var stormskadane på taket i austre bygningskompleks, der heile takflata vart fornya. Dette vart utført i regi av forsikringsselskap. Det har vore synfaringar på mursteinsvegg mot aust, og det er konstatert svært dårleg tilstand. Som følgje av dette er eit område rundt sikra, som diverre igjen har medført at opninga av Sildajazzen ikkje kunne arrangerast i Dokken i 2022. Andre takstpersonar har vore på synfaring og rapporterer om svært alvorleg tilstand på murveggen. Dette må sjåast i samanheng med arenautvikling i Haugeverven, og dei store planane museet har for heile området. Førebels er det naudsynt med meir sikring av området.

Utviklingsarbeid

Museet er ein kompleks institusjon med mange samansette oppgåver. For å få til større løft må vi definere prosjekta klårt og prioritere oppgåvene. I strategi 2020-2025 er det definert som eit mål at Haugalandmuseet har museumsarenaer med universell utforming, tilrettelagd for formidling og med god tilgang til samlingane. Museet har arenaer som gir kunnskap og opplevingar, er gode møteplassar og er lagt til rette for ny bruk og utleige.

Eitt utviklingsprosjekt har hatt prioritet i 2022:

Magasin for framtida: Magasinsituasjonen er prekær for bevaring av dei kunst- og kulturhistoriske samlingane, og det har vært arbeidet med midlertidige løysingar før nytt magasin er på plass. Etter å ha undersøkt ulike tomtealternativ i 2021, vedtok styret for Haugalandmuseet i februar å gå vidare med ei tomt i Haugeverven i Hagesund og undersøke moglegheitene for å etablere eit museumsbygg med magasin der. Vi har jobba ut frå ein visjon om å etablere eit museumsbygg med magasin i Haugeverven – ei ny arkitektheikna museumsbygning for bevaring og formidling av

maritime samlingar, publikumsfasilitetar som verkstad for barn/vitensenteraktivitetar, kafé og foredragssal, eit attraktivt uteområde og gangbru frå museumsområdet over til fastlandssida. Eit *havmuseum* der sild, salt og skip er viktige knaggar. Vi har starta på ein prosess der vi har hatt møte med kommunar og andre instansar, samt interne prosessar. Arbeidet med å utarbeide ein rom- og funksjonsplan er starta opp.

3.0 Kommunikasjon og marknadsføring

Musea si rolle har endra seg mykje dei siste åra. I tillegg til å vere formidlings- og samlingsorienterte er musea nå også relasjonsorienterte. Det forventast at musea er tilgjengelege for publikum, har ein open informasjonsflyt og gir gode moglegheiter for samhandling og dialog. Haugalandmuseet har ein tydeleg kommunikasjonsstrategi (Kommunikasjonsplan Haugalandmuseet 2020-2025) som seier korleis museet skal kommunisere og kvifor nokre satsingsområde museet har innan kommunikasjon og marknadsføring. I tillegg til ein kommunikasjonsansvarleg har museet ein komité med medlemmer frå leiargruppa. Eit godt samarbeid mellom dei tilsette og dei ulike fagavdelingane i museet, bidrar til ein aktiv profilering av Haugalandmuseet på nettsider og i sosiale media.

Antal unike nettsidebesøket for haugalandmuseet.no i 2022 var: 70 437. Det totale nettsidebesøket sidan vi byrja målingane i 2020 er 171 519. Det betyr at vi allereie har nådd målet vårt om 150 000 unike besøk før 2025. Unike sidevisningar på Kulturpunkt.no var 3 281 i 2022.

Målet for strategiperioda 2020-2025 om 4000 fylgjarar på Facebook vart oppnådd i 2021. I 2022 er antalet fylgjarar auka til 4 589. Fylgjarar på Instagramkontoen @haugalandmuseet er 1 283 og fylgjarar på @haugesundbilledgalleri er 1578. Haugalandmuseet har pr. 31.12.2022 totalt 7 450 fylgjarar i sosiale media.

Haugalandmuseet har nettside, Facebook og Instagramkonto, kor ein jamleg legg ut oppdateringar, foto, artiklar og filmsnuttar frå arrangement og museumsarbeid. Museet publiserer månadlege nyheitsbrev med aktuelt stoff frå museet sitt arbeid.



Figur 2 Restaurering av bygga våre gjev også høve til gode møter med lokalbefolkninga og profilering av museet i regionen. Her frå open dag på Derikhuset, Skudeneshavn. Foto: Haugalandmuseet

4.0 Solid kunnskapsproduksjon

Haugalandmuseet vedtok forskingsplanen i 2020. Forskingsplanen har fem hovudmål, blant anna å integrera forskning i Haugalandmuseet sin verksamheit og drive forskning på eigne samlingar. Vidare skal det forskast på tema som har regional forankring og regional og nasjonal relevans. Forskinga skal auka den vitskaplege kompetansen i personalet. I 2022 har museet gitt ut fem artiklar på Digitalt museum. Det er eit resultat av kunnskapsproduksjon i arbeidet med samlingsforvaltninga. I museet sin strategiplan 2020-2025 er hav eit overordna satsingsområde og skal gjenspeilast både i forvaltning, formidling og forskning: «Hav, skip og sild er vår kulturarv». Vi arbeider no med den andre av fire årbøker der me rettar blikket mot havet og maritime næringar. Årboka Haugalendingen 2021-2022 skal innehalde artiklar om sjøhus/naust og andre maritime bygningar. Arbeidet med årboka er noko forsinka, og skal gis ut i løpet av 2023.

Dokumentasjon

Romanifolkets kulturminne, vart støtta av Kulturrådet med kr. 660 000,-. Prosjektet hadde oppstart i 2021 og vart avslutta 15. mars. 2022. Fortsetting av prosjektet 1. august-30.september, vart støtta av Kulturrådet med kr. 160 000,-. Me har registrert romanifolkets kulturminne frå Agder til Møre og Romsdal. Prosjektilsett har vore på reiser og registreringar i løpet av hausten, og har i 2022 dokumentert rundt 200 nye kulturminne, som hamner, naust med meir, som romanifolket/ dei båtreisande nytta til overnatting. Kulturminna er gjort tilgjengelege på nettstaden Kulturpunkt.org. Det vart søkt om nye midlar frå Kulturrådet for å kunne fortsette med dette prosjektet og vi blei gitt ei ny tildeling i desember 2022, som kan nyttast i 2023.

Skipsarkiv i krig og fred, vart støtta av Arkivverket og Fritt ord. Éin projektilsett har ordna, pakka og merka to arkiv – arkivet etter rederiet Christian Haaland og arkivet etter forretninga til Moritz Rabinowitz. Det blei søkt om nye midlar frå Arkivverket, men 2022 blei siste året med støtte til dette prosjektet.

Publikasjonar

«Som under, så over/ As Below, So Above» – trykt katalog til utstilling i Haugesund billedgalleri, 06.05-07.08.2022.

Anna Tveit: *Dei båtreisande – museet som kjelde til kunnskap og påverkar for haldningsendring*. Publisert på Digitalt museum 15.12.2022.

Grethe Lunde Øvrebø: «Oppstilling med fisk» av Bjarne Halvorsen -hva kan et stilleben fortelle oss om kunstneren og tiden det ble malt i? Publisert på Digitalt museum 16.12.2022

Madli Hjermann: *Nils Sunds fonografsylindre*. Publisert på Digitalt museum 20.12.2022

Elena Santamarina: *Folkekunst i malte skrin*. Publisert på Digitalt museum 22.12.2022.

Grethe Paulsen Vie: *Torvmaskinfabrikanten fra Torvastad*. Publisert på Digitalt museum 28.12.2022.

Madli Hjermann: Utstilte fotografier i Ferkingstadhuset, Dokken museum. Publisert på Fotonettverk.Rogaland.no

Eksterne foredrag

Maryon Østhus: Innlegg på privatarkivseminaret om prosjektet – *Skipsarkiv i krig og fred*

Mads Ramstad: Foredrag for Senioruniversitetet i Haugesund - *Haugesunds eldre historie*

Grethe Paulsen Vie: Innlegg på Kulturrådets museumskonferanse - Samlinger for framtida, 26. oktober: *Koordinert samlingsutvikling i Rogaland*.

Mads Ramstad: Innlegg på Kulturrådets museumskonferanse - Samlinger for framtida, 27. oktober: *Teori og praksis – hvordan få skriftlige avtaler om eier- og ansvarsforhold? Et eksempel fra Haugalandet*.

5.0 Relevant formidling

Haugalandmuseet arbeidar målretta for å nå stadig nye grupper, for å inkludera fleire røyster og lyfte fram fleire historier. Haugalandmuseet har fokus på tilgjengelegheit for alle, og har i alle år hatt gratis inngong for born og unge på alle våre arenaer. Museet har lukkast med å nå unge mellom 13 og 19 år gjennom satsinga på ein eigen kunstklubb for ungdom – ARTung. Ungdommane er sjølv med å legg føringar for program og innhald. Haugalandmuseet har i tillegg utvikla eit tilbod kalla -GLIMIT, retta mot brukarar med behov for tilrettelagte opplegg. Ved å ta i bruk dei ulike sansane gir formidlarane ein annan inngong til historia og til kunstens verden. Museet arbeider også med synleggjering av mangfald og minoritetar, og har i mange år dokumentert og formidla romanifolkets kulturhistorie langs kysten.


Museet er ein viktig sosial møtestad og ein arena for å skaffa seg kunnskap og erfaringar. I 2022 satsa Haugalandmuseet endå sterkare på kurs for vaksne med tema innafor miljø og berekraft. Kursa har vore svært populære og museet vil også i tida framover invitere til kurs og seminar med tema henta for museet sine strategi- og handlingsplanar. Formidlingsavdelinga i Haugalandmuseet består av fem formidlarar som møtes jamleg til samarbeid, og utveksling av idear.

Publikumsutvikling

Vinteren 2022 hadde startvanskar. Grunna pandemien vart det framleis mange utsettingar, og oppmøtet på dei ulike arrangementa var labert dei første månadane. Det tok seg opp etter kvart og i løpet av våren var vi mest i rute igjen.

Haugalandmuseet har i 2022 hatt eit mangfald av tilbod til ulike grupper av besøkande. Vi legg opp til at formidling og aktivitetar skal utviklast med utgangspunkt i museet sine samlingar og i dei aktuelle, skiftande utstillingane. Familieverkstadar og kurs har tema ut frå den same grunntanken.

Me lyfter fram den immaterielle kulturarven gjennom å tilby kurs og aktivitetar i ulike handverksteknikkar. I 2022 arrangerte museet eit kurs i restaurering av vindauge med ein ekstern handverkar som kursleiar. Tilbodet var svært populært og vart raskt utseld. Museet gjennomførte også tre 3-timars kurs i eggtemperamaling, skulpturverkstad og juleverkstad, alt med fokus på tradisjon, naturmateriale og gjenbruk. Kursa var fullteikna med 15–20 deltakarar på kvart kurs.



Figur 3 Haugalandmuseet sine nye kurs for vaksne er populære og vert raskt utselde. Foto: Haugalandmuseet

Frivillige, lag og organisasjonar blir inviterte til samarbeid og gir innspel til m.a. programmet til "Museumsstafetten". Vi bidreg med assistanse til at ulike grupper av frivillige kan produsere filmsnuttar med historisk innhald, og me samarbeider med DKS i dei ulike kommunane om utvikling av program. Museet arbeider vidare med å legge ut Kulturpunkt og i 2022 vart det lagt ut mange nye Kulturpunkt med tilknytning til «Dei båtreisande».

For at flest mogleg skulle få sjå den nye utstillinga «Kald krig – varme historier» utvida museet tilbodet med søndagsope på Vindafjordmuseet. «Ditt minne – vår historie» er Vindafjordmuseet sitt nye prosjekt, som starta hausten 2022. Museet inviterer til opne kveldar med ulike historiske tema der målet er å vere ein sosial møteplass, samtidig som ein samlar inn lokalhistorisk materiale.

Besøk i Haugalandmuseet	2022	2021
Arquebus krighistorisk museum	5 930	3 453
Bokn bydemuseum	61	47
Haugalandmuseet, andre	654	1 127
Haugesund billedgalleri	6 421	5 865
Hiltahuset, Røvær	657	456
Karmsund folkemuseum	10 094	5 842
Nedstrand bygdemuseum	179	51
Nordvegen historiesenter, undervisning	2 978	2 908
Sjøhuset til Mikal L. Klovning, Utsira	105	166
Vindafjordmuseet, Vikedal	883	643
Totalsum	27 962	21 936

Arrangement

Formidlingsavdelinga har hatt fokus på å nå eit betalende publikum med tilbod som; historiske vandringer, teatervandring, kreative kurs for vaksne, eksterne foredrag, familieverkstader og aktivitetsdagar. Som forventa varierer oppmøta på arrangementa. Noko er smalt og noko skal appellere til eit breiare publikum. Historiske vandringer er eksempel på populære og bredt anlagde arrangement. «Skeive» søndagsforedrag i vinterhalvåret og radioforedrag under "Kulturnatt" er eksempel på smale tema i 2022. Årlege faste arrangementa er: Museumsstafett, Museumskvarter, Kunstpause, søndagsforedrag, strikkekafé, Den kulturelle spaserstokk, aktivitetsdagar, familieverkstader og Kulturnatt.

Haugalandmuseet har tilbod til born i vinter- og haustferie, og ARTung drop-inn-verkstad og kurs for ungdom, trass avslag på søknad om midlar. Haugesund husflidslag har arrangert helgeaktivitetar for barnefamiljar på Karmsund folkemuseum.

Av større arrangement kan vi nemne aktivitetsdagen på Vindafjordmuseet. Her let ein husa på museumstunet bestemme tema, og publikum kunne prøve seg på både steinhogging og komposisjonsmaling, samt sjå smeden i arbeid. Av andre arrangement finn vi aktivitetsdag på Ørpetveit museumsgard, Joleverkstad på Nordvegen, Rikssamlingsfestival i Haugesund billedgalleri, Kulturnatt 2022, og handverksdag på Karmsund folkemuseum.

Området rundt Haugeverven vart avsperra etter stormen i vinter. Dette førte til at den offisielle opninga av Sildajazzen, det best besøkte arrangement vårt, måtte gå ut.

Kulturturisme

Haugalandmuseet har teke aktive grep for å vere ein viktig samarbeidspartnar for det lokale og regionale reiselivet. Den store nysatsinga i 2022 var teatervandring i miljømuseet Dokken. Framsyninga vart kalla "Tro det eller ei!/ Believe it or not!" og formidla lokal folkeleg religiøsitet og overtru langs kysten i siste halvdel av 1800-talet. Museet tilsette ein formidlar som kombinert guide og skodespelar. Tilbodet var spesielt retta mot engelskspråklege cruise-turistar og mot norskspråklege barnefamiliar. Publikum fekk tilbod om å bli med på framsyninga til faste tider gjennom heile sommarsesongen. Tilbodet vart svært godt motteke og museet vil satse vidare på konseptet.

Ein populær nyvinning i Dokken museum er ein utvida leikekrok og utkledningsutstyr for borna. Dette førte til at fleire barnefamiliar brukte lengre tid på besøket i Dokken. I skuleferien starta andre runde av Barnas Museumsstafett. Som første året var det dei sentrumsnære avdelingane som hadde flest besøk.

Alle avdelingane i Haugalandmuseet har vore opne i sommarsesongen takka vere innsatsen til dei frivillige. Dei frivillige gjer det og mogeleg for museet å gjennomføre Museumsstafetten og aktivitetsdagar.



Figur 4 Museet har eit stort fokus på born og unge og formidlar historia på engasjerande vis.
Foto: Haugalandmuseet/Grethe Nygaard

Undervisning

I 2022 blei formidlinga på Arquebus krigshistorisk museum, NATO-utstillinga på Vindafjordmuseet og filmen "Det renner gull i gatene" som m.a. fortel om 1. verdskrig, brått høgaktuell og relevant.

Haugalandmuseet har framleis eit stort fokus på barn og unge. Med faste DKS-program, godt samarbeid med dei ulike kommunane og fleire bestillingstilbod, viser denne gruppa godt igjen i

besøksstatistikken. Formidlingstilbudet til barn og unge tilknytt kommunane i Haugalandmuseet er gratis, og museet tar berre betalt for eventuelle materialkostnader. VGS-klassar betalar etter avtale.

Barnehagar og grunnskole

I 2022 hadde museet fylgjande obligatoriske tilbod til grunnskolen: “Møt museene”, “Vårslepp”, “Dragseid”, “Bok blir film, Skulpturverkstad, “Kald krig – varme historiar”. I tillegg har museet invitert til bestillingstilboda: “Dei båtreisande”, krigshistorie i Arquebus krigshistoriske museum, visuell kunst i Haugesund billedgalleri, tur til Haraldstøtta, Klimaklokt!, «Maktspelet» på Nordvegen historiesenter og leirskule. Haugalandmuseet har til ei kvar tid tilbod om formidling av Romanifolket si historie med foredrag og verkstad. Hiltahuset på Røvær og skulestovene på Nessa, Hesthammar og Skjold har og vore i bruk både av skuleelevar og vaksne.

Barnehagegrupper får tilbod i Dokken museum, på Karmsund folkemuseum, i Haugesund billedgalleri, Vindafjordmuseet og på Nordvegen historiesenter. Tilboda har blitt gitt i avgrensa periodar og har vore godt besøkt.

Vidaregåande skule

Museet har jobba for å knytte til seg fleire VGS-grupper, og dette har gitt resultat. Filmen «Det renner gull i gatene», foredrag om Haugesunds historie og kildekritikk, og «Dei båtreisande» er døme på tema.

Museet har i 2022 starta eit samarbeid med Jærmuseet og DKS Rogaland om utvikling av eit nytt tilbod til VGS kalla «Jordeple og jernplog». Arena for dette tilbodet er Ørpetveit museumsgard. VGS-klassar besøker og jamleg dei skiftande utstillingane i Haugesund billedgalleri.

Tilrettelegging og inkludering

Haugesund billedgalleri har avtale med Mottaksskolen i Haugesund og tar imot elevar til formidling og verkstad. GLIMT, tilbodet til grupper med tilrettelagt formidling med vekt på sanslege opplevingar, er ein del av det faste tilbodet til Haugalandmuseet. Her er spennet stort, frå små grupper av grunnskuleelevar til vaksne med tilrettelagt arbeid. Dokken museum, Haugesund billedgalleri, Nordvegen historiesenter og Vindafjordmuseet tilbyr GLIMT-opplegg og fleire av gruppene besøker alle dei fire arenaene.



Figur 5 Nye publikumsgrupper og eit mangfold av stemmer under Rikssamlingsjubileet i Haugesund 11. og 12. juni 2022. Foto: Haugalandmuseet/Grethe Nygaard

Kunstmuseet har tatt aktive grep for å tiltrekke seg eit yngre og meir mangfaldig publikum i form av eit utvida arrangements- og aktivitetsprogram knytt til utstillingane. I forbindelse med Rikssamlingsjubileet Hafrsfjord-Nordvegen gjennomførte museet eit omfattande arrangement med 280 publikummarar til stades i løpet av to dagar, 11. og 12. juni. Publikum fekk oppleva nye og spennande koplingar mellom kunst og kulturhistorie. Temaet for festivaldagane i Haugesund billedgalleri var «Kroppskunst – frå vikingtid til i dag». Formålet var å vise korleis menneskeheita i alle kulturar, har nytta og framleis nyttar kroppen som lerret for personlege, visuelle uttrykk. To tatoveringsverkstader frå høvesvis Haugesund og Stavanger, ein hennamålar med røter frå Burundi, Afrika, og kunstnar og foredragshaldar Martin Mentzoni, flytta inn i kunstmuseet desse dagane. Ved å engasjera utøvarar frå ulike nasjonalitetar og subkulturar fekk mange forskjellige stemmer medverka til innhaldet og gjennomføringa av prosjektet, på tvers av bakgrunn, alder og kjønn. Museet erfarer at den direkte kontakta med nye publikumsgrupper også har ein langtidseffekt og verkar positivt inn på andre arrangement og på besøksutviklinga i kunstmuseet.

Digital formidling

Kulturpunkt.org blei nytta som formidlingskanal for romanifolkets kulturminne. Etter ferdig registrering er til saman 327 kulturminne formidla på denne nettstaden. Dei er kartfesta og har foto og ein tekst knyta til seg. Kulturminna har ei geografisk spreing frå Agder i sør til Møre og Romsdal i nord.

Kulturiokiosk er nytta i den nye utstillinga *NATO-stasjonen på Lysenuten – kald krig – varme historier som opna på Vindaffjordmuseet*. To skjermar i utstillinga syner bilete og film – og gjer publikum tilgang til fordjuping i stoffet.

Museet har i samarbeid med frivillige produsert små digitale filmar med lokale historiske tema, samt lokale segner og forteljingar. Filmene er lagt ut på museets Youtube-kanal.

Tilgjengeliggjering av samlingane

Ein stor del av samlingane - gjenstandar, fotografi, kunst, lyd og bygningar er publisert på nettstaden Digitalt Museum. I løpet av 2022 vart 1418 nye objekt publisert: fotografi, gjenstandar og kunstverk. Haugalandmuseet har til no publisert 28781 fotografi, 14548 gjenstandar, 782 kunstverk, 27 lydobjekt og 46 bygningar. Til saman er det publisert 44164 objekt på Digitalt Museum pr. 31.12.2022. Haugalandmuseet har publisert flest fotografi og lydfiler på Digitalt Museum i Rogaland. Det er stor etterspørsel etter våre fotografi, og antall bestillingar via Digitalt Museum har auka mykje dei siste åra. I 2022 ekspederte museet 220 førespurnadar om samlingane – inkludert fotobestillingar. Vi fekk 106 kommentarar på Digitalt museum.

Utstillingar

Haugalandmuseet har som mål i strategiplanen å møte publikum med eit breitt og variert formidlingstilbod gjennom heile året. Museets bygningsvernarbeid og samlingsforvaltning er også ein del av museets formidling. Born og unge er museets viktigaste målgruppe. Haugalandmuseet har mange utstillingar, både faste og midlertidige. Som kunst og kulturhistorisk museum er det bredde i tilbodet, og på sikt gode moglegheiter til å utvikle spennande utstillingar der kunst og kultur saman utfyller kvarandre.

Visuell kunst

Kunstmuseet produserer årleg fleire utstillingar basert på eigen samling, kuratert av museets egne tilsette. I tillegg skapast utstillingar i tett dialog med visuelle kunstnarar og eksterne kuratorar. Utstillingane er i tråd med museets strategiarbeid, der «havet» i perioden 2020-2025 belysast frå ulike kunst og kulturhistoriske ståstar.

I 2022 presenterte kunstmuseet utstillinga «Jæren» av kunstnaren Elin Melberg og kjøpte inn heile utstillinga til samlinga. Kunstmuseet produserte også samtidskunstutstillinga «Som over, så under» med nasjonale og internasjonale kunstnarar representerte, og kuratert av duoen Heather Jones og Astrid Helen Windingstad. Utstillinga tok utgangspunkt i museet sitt strategiske arbeidsområde «havet» og var tett knytt opp til museets arbeid for en heilskapleg samlingsutvikling og økt kunnskapsproduksjon. Til utstillinga var det gitt ut ein katalog med tekstar på norsk og engelsk, og dei fleste kunstverka blei kjøpt inn til samlinga.

Tjørhom-samlinga i Haugesund billedgalleri

Ola Tjørhom, Stavanger, donerte si samling av høgtrykk (tresnitt, trestikk og linoleumssnitt) til Haugesund billedgalleri i 2008 og i 2015. Samlinga består av 311 nasjonale og internasjonale høgtrykk, samt katalogar og kunstfagleg litteratur. Kunstmuseet arbeider fortløpande med visning og formidling av Tjørhom-samlinga. I 2022 vart utstillinga «I krig og kjærlighet» vist i Otto Johannessen-salen.

Høgtrykk er eit av tyngdepunkta i samlinga og eit prioritert arbeidsområde både når det gjeld formidling og samlingsarbeid. Kunstmuseet utforskar høgtrykket som kunstnarisk medium og er særleg interessert i kunnskaping om kunstnarar som utfordrar det tradisjonelle mediet.

Kunstutstillingar produsert av Haugalandmuseet

Vi har i alt produsert åtte nye kunstutstillingar i regi av Haugalandmuseet. Billedgalleriet er og visningsarena for salsutstillingane til Haugesund kunstforening. Det vart vist ni salsutstillingar i regi av Haugesund kunstforening i 2022.



Figur 6 Frå opninga av utstillinga "Som under, så over" i Haugesund billedgalleri, kuratert av Heather Jones og Astrid Helen Windingstad. Foto: Haugalandmuseet/Grethe Nygaard

- 21.01-24.04, Haugesund billedgalleri: JÆREN - *Elin Melberg*, tekstilinstallasjon, tegning. Prod. Haugalandmuseet
- 21.04-24.04, Haugesund billedgalleri: *Tegnekunst – utvalg fra samlingen*. Prod. Haugalandmuseet
- 06.05-07.08, Haugesund billedgalleri: *Som over, så under*, kuratert av Heather Jones og Astrid Helen Windingstad. Prod. Haugalandmuseet
- 20.05-6.8.23, Haugesund billedgalleri: *Kulturhistoriske landskap og interiør – Ole Frøvig*. Prod. Haugalandmuseet.
- 20.05-6.8.23, Haugesund billedgalleri: *I krig og kjærlighet – utvalg fra Tjørhom-samlingen*. Prod. Haugalandmuseet.
- 21.08.-25.09, Haugesund billedgalleri: *Minneutstilling – Stein-Magnus Opedal (1954-2022)*. Prod. Haugalandmuseet.
- 09.09.-06.08.23, Haugesund billedgalleri: *Skulptur – utvalg fra samlingen*. Prod. Haugalandmuseet
- 21.10.-26.02.23, Karmsund folkemuseum: Klimaklok Prod. Museumstjenestene i Rogaland

Kulturhistorie

Haugalandmuseet hadde 11 faste kulturhistoriske utstillinger i 2022, og to skiftande utstillinger.

Ny, fast utstilling opna på Vindafjordmuseet i 2022: *NATO-stasjonen på Lysenuten – kald krig – varme historier*, opna 28. april.

Temporære kulturhistoriske utstillinger var:

22.06.2021-31.08.2022 (Karmsund folkemuseum): *Filmbyen Haugesund – 100 år med kinoglede!* Ein utstilling i samarbeid med Edda kino, som kunne feire 100 år som kommunal kino i 2021. I utstillinga ser ein tilbake på Haugesunds kinohistorie gjennom fotografiar, gjenstandar, visuell kunst, filmplakatlar og filmsnuttar.

21.10.2022-26.02.2023 (Karmsund folkemuseum): Klimaklokt! (vandreutstilling). Klimaet påverkar oss, me påverkar klimaet, og klimaendringane vil påverka husa me bur i. Kan me læra noko av den lokale byggjeskikken? Finst det metodar og tankesett i dei gamle bygningane som kan læra oss i dag noko om klimatilpassing og klimagassreduksjon? Utstillinga var laga av Museumstjenestene i Rogaland i samarbeid med: Dalane Folkemuseum, Jærmuseet, Ryfylkemuseet, Museum Stavanger og Haugalandmuseet.

Andre faste kulturhistoriske utstillingar er:

- Fra jord til bord, Byen som gikk i land, Heim og nærmiljø, og Sjøfart (Karmsund folkemuseum)
- Førstereisgutten (Dokken museum)
- Røværulykken (Hiltahuset, Røvær)
- Sildefiske (Sjøhuset til Mikal Klovning, Utsira)
- Andre verdenskrig (Arquebus krigshistorisk museum)
- Livet i Vikedal (Vindafjordmuseet)
- Tollbua på Nedstrand (Nedstrand bygdemuseum)
- Livet på Bokn (Bokn bygdemuseum)

6.0 Heilskapleg samlingsutvikling

Samlingsutviklinga omfattar både innsamling og avhending. Me får kvart år gåver til dei kulturhistoriske samlingane og gjer innkjøp til kunstsamlinga. Inntak skjer etter nøye vurdering: om det tilfører samlingane noko nytt, og om det er relevant i forhold til målet til museet, strategi og samlingsplan. Innkjøp av nye kunstverk vurderast av ein eigen innkjøpskomité.

Visuell kunst

Samlinga har ei hovudvekt på arbeidar av kunstnarar eller verk med tilknytning til Vestlandet. Vi utviklar kunstsamlinga i tråd med museet sin innsamlingsplan 2020-2025. Museet har òg nasjonal og internasjonal høgtrykkskunst som eit tyngdepunkt i samlinga. Covid-19-midla, på til saman 5 mill. kr., som museet fekk tildelt, førte til eit stort tids- og arbeidspress, men innkjøpa har likevel vore i tråd med museet sine planar.

I 2022 vart 31 nye kunstverk kjøpt inn, av 4 kvinnelege og 4 mannlige kunstnarar. Tilveksten er i tråd med innsamlingsplanen til kunstmuseet. Eit sentralt arbeid i Haugalandmuseet er dokumentasjon og formidling av minoritetar i eit kunst og kulturhistorisk perspektiv. I 2022 har kunstmuseet skaffa fleire arbeid av kunstnaren Ragna Misvær Grønstad som har samisk bakgrunn, og som utforskar det samiske i kunstnarskapet sitt. Kunstnarar og kunstverk som er kjøpte inn til samlinga i 2022 og som har regional tilknytning er: Christine Hansen, Jessica Warboys og Samuel Brzeski. Av høgtrykkskunst vart det kjøpt inn verk av tidlegare nemnte Ragna Misvær Grønstad og i tillegg Andreas Siqueland. Årets filmfestivalutstillar var Anna Marie Sigmond Gudmundsdóttir. Museet kjøpte inn eit måleri og ein serie teikningar til samlinga. Haugesund kommune donerte ein kollasj av haugesundskunstnaren Stein-Magnus Opedal, som gjekk bort i 2022, og ein privatperson donerte eit måleri av Arne Kristiansen.

Kulturhistorie

I 2022 auka samlinga med 20 gjenstandar, 200 fotografi og 30 hyllemeter arkiv. Museet har store gjenstandssamlingar og er forsiktige med nye inntak. Dei største inntaka var to privatarkiv på til saman 20 hyllemeter: eit lokalhistorisk arkiv skapt av Tysvær folkebibliotek - som består av mange

små privatarkiv frå Tysvær, og eit privatarkiv etter reiarlaga Kongshavn og J. K. Haaland. Halvparten av gjenstandane som vart teke inn var i tråd med samlingsplan, og knytt til sildefisket og andre verdskrig, medan andre halvparten ikkje var i tråd med samlingsplanen. Fotografia som kom inn var i hovudsak album, knytte til eit prosjekt i regi av Museumstjenestene, med registrering og digitalisering av fotoalbum. I tillegg kom det inn nokre mindre samlingar fotografi med lokal tilknytning frå perioden etter 1946.

Museet avhenda 170 gjenstandar i 2022, som er ein fin start på ei styrt samlingsutvikling. Avhendinga er eit resultat av mange års arbeid med vurdering av samlingane – kulturhistoriske vurderingar og tilrådingar som museet har jobba med - der avhending er eit av tiltaka. Vi spissar samlinga ved å avhende objekt som ikkje er viktige, og samlar inn nytt relevant materiale. Mange av dei avhenda objekta er større gjenstandar frå landbruket og delar av eit kyrkjeorgel. Avhendinga samsvarar med samlingsplan for Haugalandmuseet (2022), der gjenstandar frå landbruket og orgel var prioritert for avhending. Gjenstandane som er avhenda manglar for det meste proveniens og har hatt dårleg tilstand - svært mange var lagra i bygningar utan klimaregulering. I mange tilfelle har me hatt tilsvarande objekt i samlinga, med god proveniens og i god tilstand.



Figur 7 Vinterstormane i 2022 førte til store skadar på fleire bygningar. Her kan du sjå skadar i taket på ein lagerhall som husa gjenstandar. Foto: Grethe Paulsen Vie/Haugalandmuseet

7.0 Trygg ivaretaking

Opprydding etter vasslekkasjar og skadar på magasin etter storm og uvêr vart hovudoppgåvene i 2022. Andre planar måtte leggest til side. Arbeidet har til tider vore svært krevjande, men god innsats frå faste tilsette og prosjekttilsette bidrog til at me kom i mål med to omfattande flytte- og oppryddingsprosjekt. Andre ekstraordinære oppgåver var frysing og pakking av tekstilar etter skadedyrangrep frå to av bygdemusea.

Samlingsavdelinga bestod ved utgangen av 2022 av fire faste tilsette (3,8 årsverk), ein tilsett i ein VTA-stilling (0,6 årsverk), og ei prosjekttstilling (1 årsverk). I tillegg kjem tilsette ved kunstmuseet (0,1) årsverk og dessutan driftsavdelinga, som har brukt delar av sine stillingar til registrering, magasinering og, ikkje minst, til oppryddings- og flytteprosjekt (0,8 årsverk). I løpet av året er det til saman brukt 5,3 årsverk til å forvalta gjenstand, foto, kunst, lyd, film og arkiv.

Dei 56 kulturhistoriske bygningane blir teke vare på av drifts- og bygningsavdelinga, med fire årsverk, derav nyttast rundt to årsverk til bygningsvern. Samlingsavdelinga bidreg med søknadar, planlegging og rapportering, og samla nyttar museet rundt 2,3 årsverk på dei kulturhistoriske bygningane. Avdelinga har og ansvar for drift og vedlikehald av fem administrasjonsbygningar, brannansvar, sikring av anlegga, montering av utstillingar, stell av uteområde og andre driftsoppgåver. Rundt to årsverk nyttast til dette.

Registrering og digitalisering

Auka dokumentasjon og digitalisering av samlingane gir større moglegheiter til god digital formidling. I Haugalandmuseet sin strategiplan er det eit overordna mål å få god bevaring, auka oversikt og innsikt, og tilgjengelegheit til viktige samlingar. I museumsplanen for digitalisering (2021-2022) er fire hovudmål sett opp: *1. Digitalisera eigne samlingar og publisera på Digitalt Museum etter årlege målsetjingar, knytt til dei ressursane me har. 2. Arbeid for å auka eigne ressursar til digitalisering, registrering og tilgjengeleggjering 3. Greia ut moglegheita for, og planleggja sending av fysisk materiale for digitalisering til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana. 4. Skriva ny plan for digitalisering – for perioden 2023-2030.*

Me har innan utgangen av 2022 nådd tre av måla i plan for digitalisering. Me har i perioden 2021-2022 publisert 7928 nye objekt på Digitalt museum. Me har auka museets eigne ressursar til arbeid med digitalisering, både i form av prosjekttstillingar, tilsetjing av ein eigen fotoarkivar og ei fast stilling knytt til Arquebus krigshistoriske museum. Me har dessutan sendt lyd og film til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

Utanom dei ekstraordinære arbeida har me ordna fleire arkiv ved Karmsund folkemuseum og Arquebus krigshistoriske museum, digitalisert fotografi frå Karmsund folkemuseum si fotosamling, registrert og magasinert nye kunstverk i samlinga ved Haugesund biletgalleri, og jobba med eit større restaureringsprosjekt. Museumstenestene i Rogaland bidrog med arbeid innanfor foto, konservering og bygningsvern i 2022



Figur 8 Fotoarkivar Madli Hjermann ved Museumstjenestene sørger for at lyd og film frå Haugalandmuseet vart registrert, pakka og transportert til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana. Foto: Haugalandmuseet

Kunstsamlinga: Det vart katalogisert 27 nye kunstverk. Dette er både nye inntak og restansar - kunstverk som er kjøpt inn til samlinga dei siste åra. Det er noko lågare enn målet vi sette oss for 2022, med 50 registrerte kunstverk, og skuldast prioritering av deltaking i prosjektet «Koordinert samlingsutvikling i museene».

Gjenstandssamlingane: Det vart oppretta 513 nye hovudpostar i Primus, med til saman 1082 objekt. Mesteparten av det registrerte materialet var frå Bokn bygdemuseum, Nedstrand bygdemuseum og Karmsund folkemuseum. Antall registrerte gjenstandar er noko lågare enn tidlegare år. Det skuldast mellom anna endring i planar, på grunn av lekkasjar og prioritering av arkivarbeid framfor gjenstandar.

Fotosamlinga: Det vart til saman oppretta 2200 nye hovudpostar i Primus. Det var digitalisert og registrert fotografi frå arkivet etter fotografen Sigrid B. Hauge, samt ei rekke små private fotosamlingar. Som ein del av *interiørprosjektet* i regi av Museumstjenestene – blei fotografi i miljøutstillinga i Ferkingstadhuset, Dokken museum, digitalisert og registrert.

Arkiv: Vi har ordna 11 hyllemeter arkiv. Vi har pakka om og ordna arkiva etter Christian Haaland AS, rederi, (1904-1990), Martin Olai Størksen Sæverud, forkynnar og møbelsnekker (1910-1953) Hans Olsen Sundfør, rederi (1861-1921), Lorentz Storesund, rederi (1956-1977), Moritz Rabinowitz, kjøpmann (1901-1945).

Lyd: Vi har registrert, merka, pakka og sendt museets 837 lydopptak til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana, der lyden skal digitaliserast. Dei ulike lydbererane spenner frå voksruller, datert til 1902, til minidiscer, datert til 1999.

Film: Vi har registrert, merka, pakket og sendt museets 1047 kulturhistoriske filmar til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana, der filmen skal digitaliserast. Dei ulike mediene spenner frå filmrullar frå etterkrigstida, via ulike videoformat, til DVD'er frå det 21. århundre.

Bakgrunnen for sending av lyd og film er at Nasjonalbiblioteket skal utføre et stortilt digitaliseringsløft for den norske kulturarven dei neste tiåra. Nasjonalbiblioteket har spesialkompetanse og ein unik utstyrsark for å digitalisere dei fleste formater med bærare av lyd og levande bilde. Det er fotoarkivaren i Museumstjenestene som har koordinert arbeidet med sending, for alle musea i Rogaland.

Revisjon og vurdering av samlingar

Revisjon av objekt og samlingar er viktig for å få god oversikt, og dessutan leggja inn rett nemning og emneord i Primus, for å letta søket etter objekt. I 2022 er 200 gjenstandar og 43 kunstverk reviderte i Primus (reingjering, tilstandsvurdering, registrering, fotografering). Revisjon av gjenstandar er i hovudsak gjort i samband med flytting frå lager til nytt magasin. Revisjon av kunstverk er gjort i samband med montering av nye beslag på rammer, i samarbeid med Museumstjenestene i Rogaland.

Museet har delteke i prosjektet «Koordinert samlingsutvikling i norske museum», initiert av Kulturrådet og leia av KulturIT. Prosjektet innebar kartlegging og matching av navnepostar mellom museets Primusbase og kunstnarlista i KulturNav. Me har revidert 63 juridiske personar/postar i dette prosjektet. På sikt vil det bidra til eit kunnskapsgrunnlag for dialog om samlingsutviklinga mellom musea og med eit mangfald av brukarar. I forlenginga av prosjektet er målsetjinga auka publisering på DigitaltMuseum slik at KulturNav og DigitaltMuseum gir ein samla oversikt over kunstnarar og samlingar.

Oversikt over samlingane pr. 31.12.2022

Samling	Antall	Katalogiserte (hovudposter i Primus)	Digitaliserte	Publisert på Digitalt Museum
Gjenstand	79782	30049	46389	14548
Fotografi	672 200	31821	92676	28781
Kunst	2731	2237	2315	782
Bygning	56	56	56	46
Lyd	837	389	520	27
Film	1047	0	0	0
Farkostar (på land)	33	12	0	0
Kulturlandskap*	4	0	0	0
Hageanlegg**	2	0	0	0
Til saman	756 692	64 564	141 956	44184

*76 dekar ** 2 dekar

Avhenda	205 gjenstander (154 hovedposter i Primus)
Bruks- og rekvisitasamling	33 gjenstander (23 hovedposter i Primus)
Privatarkiv	180 hyllemeter

Tilstandsvurdering, førebyggjande tiltak og konservering

Det er gjennomført tilstandsvurdering av 419 gjenstandar. Tilstanden er gradert med kodane 101 (god), 102 (tilfredsstillande), 103 (dårleg), 104 (kritisk). Dei fleste objekta har fått koden 100, 101 og 102 (403 objekt). Til saman 16 gjenstandar har fått koden 103, dårleg tilstand. Alle objekt med kode 102 og 103 må pakkast og blir bevarte forsvarleg på magasin, og dessutan blir dei konserverte før ein kan stilla dei ut. Det er gjennomført ei rekkje førebyggjande tiltak og førebyggjande konservering på samlingar: Reingjering av gjenstandar og miljøutstillingar, muggsanering, og sanering av skadedyr. Det er utført konservering/stabilisering av 158 kunst og kulturhistoriske objekt. Arbeidet som vart utført bestod i hovudsak av djupreingjering, og dessutan konsolidering eller liming av lause delar. Saman med bygningsantikvar er det utført konservering av to dører i Derikhuset. Tilsaman 16 gjenstandar vart konservert av Museumstjenesten i Rogaland. Dei bidrog òg med utskifting av oppheng og reingjering av 47 kunstverk.



Figur 9 Museet sin konservator monterar tekstilinstallasjonen "Jæren" saman med kunstnaren Elin Melberg. Foto: Haugalandmuseet

HMS og risikohandtering i forvaltninga

Etter gjennomført HMS risikoanalyse i mai, har samlingsavdelinga jobba med tiltak som kan redusera risiko ved arbeid med mugg, gift i samlingar og handtering av store gjenstandar. Me har jobba med rutinar og prosedyrar for bruk av personleg verneutstyr og handtering av samlingar med mugg. Me har og fått installert avsug ved fleire arbeidsstasjonar. Me brukte mykje tid i haust på å finna fagkompetanse frå andre institusjonar som kunne hjelpa med å vurdera risiko i samlingane ved Arquebus krigshistorisk museum. Vi lukkast i november med å få ein konservator frå Norsk Luftfartsmuseum til å gå gjennom samlingane. Ein grundig visuell gjennomgang avdekte asbest og radioaktiv stråling i samlingane. Frå september vart alt arbeid med gjenstandar på Arquebus stoppa – til me har fått meir oversikt og kontroll på eventuelle risikoar.

Magasin

Etter svært mange år med dårlege lokalar for bevaring av samlingane, vart magasinsituasjonen for den kulturhistoriske samlinga kraftig forbetra i 2022. Me auka arealet med klimastyrte magasin med til saman 360 m2. Dei ekstra magasinareala vart redninga når stormar og lekkasjar øydela fleire andre lokale. Som nemnt tidlegare i årsrapporten har me i tillegg arbeidd med planar for eit nytt magasin og maritimt museum i Haugeverven i Haugesund.

Leie av magasin: Me inngjekk leigeavtale for eit 300 m2 magasin i Jovegen, med 7 meter under taket. Magasinet vart innreidd med stålreolar som gir inntil 300 hyllemeter med lagringsplass for gjenstandar. Det er og sett av noko golv plass til ekstra store gjenstandar, mellom anna kjerrer og større landbruksreiskap.

Ekstra magasinhall i fellesarealet på Åmøy: Me fekk ein ekstra magasinhall til på Åmøy, på 160 m2. No har me til saman 360 m2 på Åmøy, som utgjer 7% av det samla arealet musea i Rogaland har til rådvelde der.

I 2022 er magasinsituasjonen for gjenstandar og fotografi noko forbetra, med flytting inn i magasin med svært gode forhold, medan magasinsituasjonen for kunst er noko forverra. Det har samanheng med dei store kunstinnkjøpa i løpet av dei tre siste åra. Sett under eitt er det framleis gjenstandssamlinga som har dei dårlegaste magasinforholda ved museet. Museet arbeidar langsiktig, og med dei nye magasinane som er omtalte ovanfor, vil situasjonen i framtida betra seg, litt om litt.

Ved utgongen av 2022 såg magasinsituasjonen slik ut:

Samlingstype	Svært gode forhold	Tilfredsstillande forhold	Ikkje tilfredsstillande forhold	Dårlege forhold
Gjenstandar	25%	28%	29%	17%
Foto	67%	10%	23%	0%
Kunst	87%	5%	8%	0%

Flytteprosjekt frå ueigna lokale til gode magasin: Ein vasslekkasje i eit kjellarlager i Nedstrand kravde ein nokså akutt flytteprosess. Gjenstandar frå Nedstrand bygdemuseum hadde vore lagra der i mange år, men vasslekkasjen hadde forårsaka mykje fukt og kraftig muggdanning på delar av samlinga. Gjenstandane vart teke ut av kjellaren, ein og ein, reingjort, registrert og innlemma i samlinga, eller avhenda. Ein god del gjenstandar måtte avhendast pga. svært dårleg tilstand.

Det største flytteprosjektet var tømning av lagerhall på 200 m2 på Årabrot i Haugesund, som museet har eigd sidan 1997. Lagerhallen, som husa gjenstandar frå Karmsund folkemuseum si samling, var uisolert og hadde ikkje klimastyring eller straum. Gjenstandane var lagra under svært dårlege forhold, noko som har forringa mykje av tilstanden på samlingane. Etter ein storm i januar bles delar av taket av, og det regna inn. Flytteprosjektet kom for alvor i gang ut på hausten, då heile samlingsavdelinga og driftsavdelinga jobba saman for å tømme lokalet. Gjenstandane vart reingjorde, registrerte, fotograferte og flytta over i det nye, leigde magasinet.

Me har pakka om og flytta delar av fotoarkivet – glasplater etter Sigrid B. Hauge inn i kjølemagasinet vårt. Dei vart på førehand digitalisert, katalogisert i Primus og pakka om til syrefrie konvoluttar og esker. Eit større tal fotografi i ramme har òg fått plass i kjølemagasinet.

Bygningsvern

Det blir kvart år utført reparasjonar og vedlikehald på nokre av dei 56 kulturhistoriske bygningane til museet. Av større prosjekt var det oppstart på restaurering av Derikhuset på Karmøy, eit våningshus i jærstil oppført i 1840. Det vart sett opp tak-over-tak stillas over heile huset slik at arbeidet kan gå

føre seg uavhengig av vêr og vind. Bygningen blir restaurert etter antikvariske prinsipp. I løpet av hausten vart takpanner og sutak teke ned, og dei skadde delane av takås og laft er skifta ut, stokk for stokk. All kledning er teken bort, og skal erstattast med ny. Vi leigde inn Tradisjonshåndverkeren AS, Casper Vikingstad Lie, frå Karmøy for å hjelpa handverkaren til museet. Prosjektet vart tildelt kr. 80 000,- frå Rogaland fylkeskommune, kr. 100 000,- frå Karmøy kommune og kr. 250 000,- frå Stiftinga UNI. Arbeidet har gitt god innsikt i lokal byggjeskikk og eldre handverkstradisjonar. Derikhuset er ein av bygningane som er vurdert til tilstandsgrad 3 (TG 3).

Sisselastova, som i fleire år har stått ved Tollboden i Nedstrand, vart transportert til Bakarøy i Haugesund. Der ligg verkstaden til museet, og stova vart flytta for å kunna arbeida meir effektivt og praktisk med restaurering av stova. Det er sett opp eit enkelt skur for å skjerma stova for ver og vind, fram til arbeidet kan byrja. Sisselastova er ein einetasjes bygning med lafta kjerne med enderom i kvar kortende. Enderomma er i reisverk/form for grindverk. Stova er ein av bygningane med tilstandsgrad 3 (TG 3).

Av mindre arbeid vart det produsert og montert nye dører og vindauge i Wrangell-uthuset. Bygningen fekk eit siste strøk med linolje og uthuset er igjen teke i bruk som sykkelgarasje for tilsette. Det er laga nye og reparert dører til våningshuset på Veggen i Nedstrand. På skulestova i Skjold er det reparert ein del råteskadar og skifta ut ein stor del defekte takpanner. På bedehuset i Dokken museum vart det bytt ein vasstokk.



Figur 9 Restaureringa av Derikhuset, Skudeneshavn er eit av dei større prosjekta Haugalandmuseet starta opp i 2022. Bygningen restaurerast etter antikvariske prinsipp og det er sett opp eit tak-over-tak-stillas slik at arbeidet kan gå føre seg uavhengig av vêr og vind. Foto: Haugalandmuseet

Stormen i januar førte til skadar på bygningar i Dokken museum, Haugesund. Pipa på Ferkingstadhuset og delar av taket fekk skadar. Eit eksternt firma stod for reparasjonen av pipa. Taket på Ferkingstadhuset, det tilhøyrande nauset og kolonialen vart reparert av museets eigne handverkarar.

Ein lærling, Sigbjørn Tveit, avla og bestod fagprøva i oktober som den første lærlingen i Haugalandmuseet. Den praktiske delen av fagprøva var å produsera og setja opp konstruksjonen til ein liten bygning, laga og setja i ei dør, og bordkle ein vegg. Bygningen vart demontert og lagra slik at museet ved eit seinare høve kan gjera den ferdig og setja han opp på ein eigna stad.

Kulturlandskap

Museet forvaltar òg kulturlandskap, som hagar og beitemark. Me har avtale med ein sauebonde som sørgjer for at det kjem sauer på beite på museumsgarden Ørpetveit og på Sørhaugøy (Tonjer fyr). På Sørhaugøy er det også i år utført to veker med fjerning av tistlar som har vore eit stort problem dei siste åra. Dette er òg eit problem på museumsgarden på Ørpetveit, som me òg har brukt to vekeverk på. Hagen med historiske staudar i Dokken friluftsmuseum og linåkeren på Ørpetveit blir skjøtta jamleg av museet. Det vart gjort ein litt større jobb i hagen i 2022, med grusing og kanting av bed.

Sikring

Haugalandmuseet har sikringsplan for alle kulturhistoriske bygningar og anlegg som husar samlingar. Det er utarbeidd eitt dokument for kvar bygning/anlegg, til saman 26 dokument. Rullering av sikringsplanen, med nye prioriterte tiltak vart gjennomført. Det har vorte montert nytt brann og innbrotsalarm-system i det nye leigde magasinet.

Drift og vedlikehald

Haugalandmuseet leiger seks administrasjonsbygningar av eigarkommunane. Det er Karmsund folkemuseum, Haugesund billedgalleri, Arquebus krigshistorisk museum, Vindafjordmuseet, Nedstrand bygdemuseum (lærarbustaden) og Bokn bygdemuseum. Det er eigars (kommunane) ansvar å halda ved like, men Haugalandmuseet har som leigetakar den daglege oppfølginga, som går ut på å melde frå om alt frå vasslekkasjar til skadar på tak. Administrasjonsbygningane rommar både kontor, utstillingar og magasin. For å kunna verna samlingane på ein god måte er det svært viktig at dei blir godt halde ved like. Kvart år blir det lagt ned store ressursar i å melde inn, følgja opp planlagde og pågåande arbeid på bygningane, og utføra vaktmeisteroppgåver.

Museet står for alt vedlikehald og oppgradering av interiør, og dessutan vedlikehald av uteområde på nokre arenaer. Faste gjeremål i sommarhalvåret er klipping av gras, reinsing av takrenner, byte takstein, skraping og måling av museumshus. Arbeidet blir gjennomført ved alle avdelingar, i alle kommunar, etter behov. I 2022 gjekk museet til innkjøp av ein snøfresar for å letta arbeidet med snømoking rundt om på avdelingane.

Av planlagde arbeid vart det bygd ein arbeidsstasjon for registrering og konservering i det nye leigde magasinet og på Karmsund folkemuseum. Arbeid som ikkje var planlagd, var oppretting av skadar etter storm og orkan i januar på takflatene på to lagerhallar som museet eig sjølv. Det vart brukt store ressursar frå driftsavdelinga og museet for sikring, opprydding og oppfølging av skadane og oppfølging av forsikringsselskap. Taxihytta, som står i SV-hjørne av Wrangell-eigedommen, vart reparert og måla utvendig. Den er ikkje ein del av den kulturhistoriske samlinga.

Opp- og nedmontering av utstillingar er ein viktig del av arbeidet til museet. Driftsavdelinga er involvert i alt utstillingsarbeid. Ved Haugesund billedgalleri vart 13 utstillingar monterte og demonterte i løpet av året. Fire av utstillingane var i regi av Haugalandmuseet. Ni av utstillingane var salsutstillingar i regi av Haugesund kunstforening. Eit betydeleg arbeid i produksjon av Nato-utstillinga på Vindafjordmuseet vart lagd ned i starten av året. På Karmsund folkemuseum har driftsavdelinga montert utstillinga Klimaklokt!

Kompetanseheving

Tilsette har vore på kurs i gråstein/ natursteinsmuring, kurs i tørrmuring på Dovre og kurs og seminar i dendroteknologi. Museet deltok på bygningsvernkongress på Maihaugen med éin handverkar og éin konservator. Kongressen samla 300 museums- og tradisjonshandverkarar, og dessutan andre museumstilsette til tre dagar med foredrag og kurs innan bygningsvern. Handverkaren deltok på praktisk sesjon med bjelkehogging, og fyllingsdør. Me fekk òg med oss kurs i tilstandsvurdering av kulturhistoriske bygningar og seminar om vestlandske røykomnar. Deltaking på slike seminar er viktig for kompetansehevinga i museet.

8.0 Aktiv samhandling

Musea er ein del av den kulturelle infrastrukturen for eit sunt og levande demokrati.

Haugalandmuseet er ein kunnskapsinstitusjon og inngår saman med andre kultur- og utdanningsinstitusjonar i dannelsings- og opplæringsprosessar for stadig nye generasjonar.

Haugalandmuseet er også ein sosial møteplass med eit mangfald av arenaer for opplevingar og nye oppdagingar. Samarbeid utover eigen institusjon har alltid vore ein viktig del av arbeidsforma vår. Me dreg vekslar på fellestenester, andre museum, frivillige, gjevarar, lokalsamfunn, skuleverk og mange andre.

Samarbeid med organisasjonar, institusjonar og frivillige

Haugalandmuseet er bygd på frivilligheit og samhandling med interessentar, foreiningar og institusjonar. Dei siste tiåra er nettverk og fellestenester blitt viktigare for fagleg utvikling, og vi er bevisst rolla vår som ein samhandlande aktør med samanbindingskraft på tvers av fagfelt og tema. Derfor samarbeider vi med mange gjennom året for å sikre aktualitet, nedslagsfelt og medverking. Våre frivillige og samarbeidspartnarar er tallause, og nokre av dei viktigaste er veneforeiningar knytta til alle musea våre. Det er: Haugalandmuseets venner, Haugesund kunstforening, Arquebusmuseets venner, Nedstrand museums- og historielag og Bokn historielag. I tillegg kjem frivillige og kontaktpersonar knytt til Vindafjordmuseet, Hiltahuset på Røvær og Sjøhuset til Mikal Klovning på Utsira. Veneforeiningane og andre frivillige har dugnadar, dei passar på bygningar, ser til samlingar og bidrar til å halde nokre av avdelingane våre sundagsopne på sumarstid. Veneforeiningane og Haugalandmuseet har samhandlingsmøte der det vert avtala kva arbeid som skal gjerast.

Haugalandmuseets venner har et eige styre og medlemmer, og arbeider aktivt for å styrke interessa for kunst og historie, samt støtter opp om aktivitetar i museet. I året som gjekk vart det laga ein vervebrosjyre, og ein verveaksjon gjer at det per 31.12.2022 er 164 medlemmar. Foreininga deltok mellom anna på dugnad i museumshagen i Dokken og under Rikssamlingsjubileet med aktivitetar i Haugeund billedgalleri. Medlemsfordelar er mellom anna gratis inngang til alle avdelingar i museet.

Haugesund kunstforening har sine utstillingar og arrangement i Haugesund billedgalleri og museet har eit tett og godt samarbeid med foreininga. Det tilsette ved billedgalleriet varetek den daglege drifta av foreininga og frivillige i kunstforeininga utgjer deler av museet sitt vertskap på sundagar.

Arquebusmuseets venner har eit eige styre og medlemmar, og arbeider aktivt med dugnadar og anna arbeid med fast møtedag midt i veka. Om hausten hadde veneforeininga open dag med hundre besøkande i bunkeren i Kvalavåg.

Nedstrand museums- og historielag og *Bokn historielag* heldt museumshusa ope kvar sundag i sommar, slik dei har gjort i mange år. Dei frivillige er entusiastar som har god, lokal kjennskap til samlingane.



Figur 10 Bidrag frå veneforeininga er svært viktige for å få hjula til å gå rundt. Foto: Haugalandmuseet/Grethe Nygaard

Andre vi har samarbeida med i 2022 er: Ølen og Bjoa sogelag, Haugesund teater, Edda kino, Rikssamlingsjubileet, Visithaugesund, Vår Frelsers kyrke, Kulturnatt Haugesund, Haugesund kommune frivilligheita, Haugesund husflidslag, Nord-Karmøy historielag, Haugesund folkebibliotek, Tysvær historielag, Haugaland sopp og nyttevekst foreining, Barn er bra-festivalen og bokbåten Epos. Vi har samarbeida med Jærmuseet om undervisningsopplegg, og med Ryfylkemuseet om tradisjonshandverk og restaurering.

“Bok blir film”-prosjektet er eit døme på eit samarbeidsprosjekt kor Haugesund folkebibliotek, Haugesund teater, Karmsund folkemuseum og Edda kino i lag har satt saman eit DKS-program for 9. trinn, med krig som tema. Elevane møter skodespelarar og lærer om kjeldekritikk, historie, litteratur og filmproduksjon.

Det er alltid ei utfordring å få inn ulike aldersgrupper i museet. Vi har i 2022 engasjert ungdom i alderen 13-21 år gjennom kunstklubben ARTung. Museet inviterte og til *Ditt minne- vår historie* i Vindafjordmuseet, der publikum kunne fortelje – eller berre lytte. Slik kan andre og nye stemmar komme til orde i musea våre. Historier kan og bli fortalt gjennom lyd og bilete og ei egen *mimregruppe* lagar kvart år digitale lokalhistoriske forteljingar, med hjelp frå museet. Ei fotogruppe på Havnaberg seniorsenter har gjennom året sett på eldre fotografi frå museet si samling, og har gjennom diskusjon og samtale bidratt til auka kunnskap om fotografa i samlinga vår.



Figur 11 NATO-utstillinga ved Vindafjord-museet blei til takka vere samarbeid med ressurspersonar som hadde arbeidet på NATO-stasjonen på Lysenuten. Her er alle dei frivillige fotografert i utstillinga på opningsdagen. Foto: Grethe Paulsen Vie/Haugalandmuseet

Nettverk og samhandling

Haugalandmuseet deltek i dei nasjonale museumsnettverka for minoritetar og mangfald, kunst, foto, fiskeri og kystkultur samt tradisjonshandverk. I MAnfoldnettverket deltek vi i prosjektet *Samlingenes mange stemmer*, - med eit delprosjekt om *Makt og representasjon i museene*. Vi ynskjer å diskutere og reflektere rundt innsamling av gjenstandar og fotografi frå romanifolket – som i stor grad har ein immateriell kultur. Korleis skal vi som museum synleggjere og bevare den immaterielle kulturarven til nasjonale minoritetar?

I Rogaland deltek museet i det nyoppretta privatarkivnettverket og i Fotonettverk Rogaland.

Museumstjenestene har som formål å løfta det faglege arbeidet innan samlingsforvaltning og styrkja samarbeidet mellom dei fylkeskommunalt støtta musea i Rogaland. Museumstjenestene består av fellesstillingar innan samlingsforvaltning for dei fylkeskommunalt støtta musea i Rogaland: Norsk Oljemuseum og dei fem regionmusea i Rogaland – Ryfylkemuseet, Haugalandmuseet, Museum Stavanger, Jærmuseet og Dalane Folkemuseum. Kompetansen til museumstjenestene skal (i første rekkje) dekkja felles behov musea har i samlingane sine. I tillegg kjem årlege fellesprosjekt som ein del av ein femårs-plan i Museumstjenestene. I dag består Museumstjenestene av ein bygningsantikvar, ein fotoarkivar og eit konservatorsteam som i hovudsak arbeider med gjenstandssamlingane. Haugalandmuseet er i tillegg arbeidsgivar for felles fotoarkivarstilling i Museumstjenestene i Rogaland. Frå 2022 leiar Haugalandmuseet den felles styringsgruppa for Museumstjenestene.

Museum og reiselivsnæringa

Haugalandmuseet har sett potensialet som ligg i å kople våre tenester med turistane sitt ynskje om kulturopplevingar. I 2022 utvikla museet eit heilt nytt tilbod med teatervandringar i Dokken museum. Eit tilbod spesielt retta mot både cruise-turistar så vel som norskspråklege barnefamiljar. I løpet av sommarsesongen opplevde museet ein dobling av det betalande publikummet, noko som syner at cruise-turismen og norske turistar er ei målgruppe med eit større inntekstpotensiale for museet enn det som til no har vore nytta.

Haugalandmuseet har ein jevn dialog med regionens reiseliv om utviklinga av museet sine kunst og kulturhistoriske arenaer, og eit aktivt samarbeid om utviklinga av nye reiselivsprodukt med utspring i museet sine arenaer og samlingar. Visithaugesund har delteke på synfaringar og har hatt fleire møter med museet gjennom året.



Figur 12 "Tro det eller ei!" - teatervandring i Dokken ble et svært populært innslag i Dokken museum i 2022. Foto: Haugalandmuseet og Haugalandmuseet/Grethe Nygaard